

alliance*

OPTIKK



**Se godt
på alle avstander**

Åpningstider: Mandag: stengt • Tir-Tor: 10:00 - 16:30
Fredag: 10:00 - 18:00 • Lørdag: 10:00 - 15:00

Alliance Optikk Ål

Sundrevegen 85 • tlf 32 08 55 99 • post@aal-optikk.no • www.aal-optikk.no

O-lefsa



**O-GRUPPA
2017**



Styret i O-gruppa 2017

Leiar:	Knut Ivar Vestli kivestli@gmail.com	Tlf: 93428722
Nestleiar/Kasserar:	Vidar Sire vidar.sire@gmail.com	Tlf: 95154786
Sekretær:	Ola Håkon Rudningen timrahus@gmail.com	Tlf: 97584524
Styremedlem:	Nils-Kjell Kolbjørnsgard nkjelk@online.no	Tlf: 97780447
Andre verv:		
Kartleiar:	Erling Hagen Erling_hag1@hotmail.com	Tlf: 99155150
O-lefse redaktør:	Knut Ivar Vestli	
Ål 52 ansvarlig	Nils Kjell Kolbjørnsgard	
Materialforvaltar:	Ola Håkon Rudningen	
Valkomite:	Steingrim Roen Eivind Torsethaugen	Tlf: 97097580 Tlf: 99212692

Internettadresse:

<http://aal-il-orientering.idrettenonline.no/p/6861/nyheter?>

Kontonr: 2320 20 04539



Trenger du elektriker ?

Vi hjelper deg gjerne, ta kontakt i dag:



Avd. Geilo	3209 5960
Avd. Ål	3208 6170
Avd. Gol	3207 9950



– når du trenger elektriker

<http://www.ehi.no>

Nytt sentrumskart

O-gruppa har jobba med å få produsert eit oppdatert sentrumskart dei siste åra. Store delar av kartet er nå klart, og det vil bli ferdig i løpet av året. Kartet er spesielt retta mot nybyrjarar og uerfarne o-løparar, og kartet er tilgjengeleg for heile Ål. De finn ein kopi av kartet på heimesida under fane «Filarkiv-Kartoversikt», og vi ser fram mot å ta det i bruk. Kontakt leiar om de vil ha OCAD-versjon av kartet.

Her ser de eit utsnitt av kartet:



De må vere klar over at det ikkje er lov å springe på mørkegrønt område (privat). De bør og vere klar over at tjukkelsen på streken avgjer om det er lov å passere eit gjerde eller ikkje, ikkje taggane som i vanlege o-kart. Viss streken er tjukk, er det IKKJE LOV Å PASSERE gjerdet. De finn ei god skildring av norm for sprintkart på følgjande webside:

<http://www.bisori.org/løperinfo/ReglerSprintnorm.pdf>

Leiaren har ordet



Velkomen til ein ny o-sesong! Etter ein mildt sagt ustabil vinter, kan vi sjå fram mot ein sommar med gode opplevingar i den flotte naturen Ål og Hallingdal har å by på. Sist år sette vi i gang eit prosjekt for å lage eit nytt sentrumskart, og no er mykje av kartet klart slik at vi kan starte årets sesong på Sundre i mai. Kartet vil bli brukt i opplæring for nybyrjarar og uerfarne o-løparar. ÅL IL og Ål kommune har vore veldig positive, og søknaden for kartet blei prioritert for tippemiddelsøknad. Ein stor takk til Hallingdal Feriepark som er med og finansierer kartet.

Treningsløpa startar torsdag 11. mai på det nye Sundre-kartet, og sidan går det slag i slag kvar veke til slutten av september (sjå terminlista). Sesongen inneheld 14 reine treningsløp inkl klubbmeisterskap og nattløp. Du kan òg vere med på 5 nær o-løp innanfor Hallingdal (Hallingtreffen). Ål arrangerer to Hallingtreff i år, medan HM stafett blir i Nesbyen og HM individuelt i Hemsedal. I tillegg arrangerer Hemsedal KM i år, og vi håper at mange frå Ål tek turen dit i slutten av august. På Hallingtreffen er det premiering samanlagt til alle som har delteke på minst 3 nær o-løp.

Klubbmeisterskapet blir helde torsdag 17.aug i Leveld, og natt o-løp 28.september på skulekartet på Torpo. Avslutningsfesten på Bråta vil halde stad fredag 20.oktober.

Vi heldt fram med å arrangere to lette løyper på torsdagen etter Nær o-løpet på Nesbyen og Hemsedal. Dette er eit alternativ for dei som ikkje vågar seg ut av Ål i starten av sesongen.

Turorientering : Det er ti nye klippekortpostar i ÅL 52 sitt program, med flotte krus og trekkpremiar til deltakarane (sjå eigen omtale).

Alle løpa blir annonserte i tysdagsavisa av Hallingdølen, men sjekk heimesida i tilfelle endringar. Hugs at dei fleste treningsløpa går på torsdagar, medan nær O-løpa går på onsdagar.

Vår kjære O-lefse kjem også i år ut med oversikt over aktivitetar og nyttig informasjon om årets sesong. Heimesida vil også bli oppdatert med informasjon gjennom sesongen, og det er viktig å gå inn for å sjekke eventuelle endringar. Vi skal prøve og lage ein kort artikkel frå dei fleste løpa i år, samt at alle resultat blir lagt ut under fane «Resultat».

Eg håpar på mange trivelege opplevingar for liten og stor ute i skog, mark og fjell. Leiaren vil få ynskje alle lykke til med O-sesongen i 2017.

Knut Ivar

Opplysningar til arrangørar/løypeleggjarar

PS! Du finn dei same opplysningane på heimesida under fane Løypeleggjar

- Den som er sett opp først av løypeleggjarane/arrangørane, er hovud-ansvarleg for løpet.
- Annonse om løpet blir sett inn i Hallingdølen av styret tysdag før løpet (samleannonse for heile Hallingdal). Løp i Hallingtreffen må annonserast særskilt. Annonser og endringar i høve til terminlista, må Hallingdølen ha innan kl. 08.00 - måndagen før!
- Alt utstyr som skal brukast på løpet, er å finne i lagerrommet på Bråta. Nykel heng i skåpet ved sida av døra. Ved eventuelle manglar eller andre spørsmål, kontakt materialforvaltar *Ola Håkon Rudningen*, tlf. 975 84 524.
- Ved vanlege treningsløp skal det vere løyper på ca 2,5 lett, 3,5 og 5 km. I tillegg skal det vere ei nybegynnarløype på omlag 1,5 - 2 km.
*HUGS: Nybegynnarløypa kan **ALDRI** bli for lett!* Bruk leiande liner som vegar, stigar bekkar osv. Ikkje gøym postane! Bruk gjerne merkeband dersom eit strekk vert for vanskeleg.
- Arrangør ordnar med saft, frukt og twist på treningsløpa. O-gruppa får dekkja 60% av utgiftene i samband med innkjøp av frukt via BAMA-avtalen. Sjekk følgjande side for detaljar: <http://www.eatmovesleep.no/idrettsfrukt/>
- Det blir frivillig om personer vil betale for kart eller ei. Sett fram eit krus for dei som ønsker å bidra.
- **Resultatliste skal leverast til:**
 - Leiar Knut Ivar Vestli (e-post: kivestli@gmail.com)
 - Vidar Sire (e-post: vidar.sire@gmail.com)
- EKT-utstyret (lesar og skrivar) ligg i eigen koffert. Sjekk over at alt er der, og alt blir lagt på plass når du er ferdig med det. Hugs å setje skrivaren på lading dagen før løpet.

Brukarinstruks for utstyret ligg i kofferten. Start og måleiningane må ikkje liggje ved sida av kvarandre (er tilstrekkeleg å leggje dei motsatt veg). Det tappar dei for batteri. Det same gjeld posteiningar og løparbrikkene. Alt utstyret som er brukt, skal så snart som råd leggst tilbake på lagerrommet på Bråta slik at alt er i orden til neste løypeleggjar.

- Kart over Veståsen 2, Svartetjern og Syningen (til nytt er trykt opp) **må fotokopierast** for kvart løp.
- Det er eit krav om kart i storleik 1*7500 for 50+ på Hallingtreffen!
- Er noko uklart? Ring leiar Knut Ivar Tlf: 93428722

Oversikt deltakarar sidan 2000

År	Antall løparar	Antall løp	Antall startar	Gj.snitt
2016	158	16	399	26
2015	153	16	455	28
2014	150	14	376	27
2013	105	12	276	23
2012	124	14	323	24
2011	108	14	328	24
2010	153	14	412	29
2009	129	14	410	29
2008	92	14	313	22
2007	136	16	470	31
2006	126	15	510	34
2005	149	16	577	36
2004	126	15	481	32
2003	135	16	520	33
2002	138	16	579	36
2001	151	19	720	38
2000	123	19	704	37

Vi har eit godt miljø i gruppa. Vi har naturen som idrettsarena og det gjev mange fine opplevingar for store og små.

AVSLUTNINGSFEST

Fredag 28.november var det avslutning for sesongen 2016. 18 deltakarar møtte fram til oppsummering og premiering av sesongen. I klassen under 17 år er kravet minst 4 løp. Det var 8 stk som klarte kravet.

For dei over 17 år er kravet minst halvparten av treningsløp pluss to nær o løp. Her var det 14 som gjorde seg fortent til O-tallerken.

Klubbmeisterskapet er eit av dei store høgdepunkta der intern kniving ikkje er til å unngå. Her vart det delt ut 12 meisterskapsmedaljar i tillegg til 12 nybyrjarar.

INNTEKTSGIVENDE ARBEID/DUGNADER

Orienteringsgruppa har inngått ei avtale med kommuna om turprosjektet Ål 52. Vi har laga turorientering med 10 turfavorittar / klippekort inn i pakka. O-gruppa har ansvar for utstyret og utsetjinga/etterkontroll. Vi får inntekta av kortsalet, og då er det opp til oss å selja produktet.

Ål 52 – 10 turfavorittar i Ål 2017

Vi heldt fram vårt populære aktivitetstilbod med over 760 selde klippekort i fjor. Turprosjektet er eit tilbod til alle som likar turar i skog og mark, og er ein aktivitet utan tidtaking som du kan ta når det passar deg. O-gruppa har i samarbeid med Ål kommune ti nye turar med klippekort, og det er sjette året me har dette tilbodet i Ål 52 sitt vandrepogram. På dei ti nye turane er det ei postkasse med bok der du kan skrive namnet ditt. Det er og ein metall o-post med tang til klippekortet ditt. Det er trekkepremiar på alle ti turane til dei som leverer inn klippekortet sitt. Og klarer du minst 8 av turane får du eit krus med turmotiv og turoversikt.

Du kan skrive andre familiemedlemmer på klippekortet og krysse av for ekstra krus. Ekstra krus kostar nesten like mykje som eit ekstra klippekort. Men det er berre eigaren av kortet som er med på trekkepremiene.

Hugs å få med ei gratis brosjyre om vandreturane når du kjøper klippekort.

Du må gå inn på www.aal52.no for å få detaljert utskrift av turane.

Klippekort kan du få kjøpt hjå O-gruppa, G-sport, Norli eller på turistkontoret.

Kortet kostar kr 120,- inkludert eit krus. Kortet er laminert og toler mykje.

Det er seld mange kort allereie før start av tursesongen, og det er eit supert **gåvetips** dersom du vil gi bort litt trim med fine naturopplevingar.

Postane står ute til 8.oktober (om veret tillet det). Opning av turprogrammet tysdag 6.juni med tur til Rosengardshovda.

Det blir sett opp parkeringskilt og adkomstskilt til turane.

All informasjon står på kortet og i brosjyra. Du kan i år laste ned turappen outtt.

Då er det berre å ynskje LYKKE TIL med mange fine turar.

DETTE MÅ DU IKKJE GÅ GLIPP AV. BLI MED DU OGSÅ.



Årsmelding 2016

Orienteringsgruppa ÅL IL

Leiar	Knut Ivar Vestli
Nestleiar/Kasserar	Vidar Sire
Sekretær	Ola Håkon Rudningen
Styremedlem	Nils Kjell Kolbjørnsgard

Andre verv:

Kartrådsleiar	Erling Hagen
O-lefse redaktør	Knut Ivar Vestli
Materialforvaltar	Terje Holo Lund
På tur i Ål	Nils Kjell Kolbjørnsgard
Valkomite	Steingrim Roen
	Eivind Torsethaugen



Leiaren har representert O-gruppa på møta i Ål idrettslag.

Det er halde eit styremøte for planlegging av sesongen.

AKTIVITETAR

Sesongen 2016 starta torsdag 12. mai med løp på Torpo stadion og vart avslutta same stad med nattløp torsdag 29.september. Totalt blei det arrangert 16 treningsløp.

O-Gruppa har arrangert eit nær o-løp på Vermelia med 61 deltakarar den 22.juli, og arrangerte Hallingdalsmeisterskap individuelt på Fuglehovda 24.september med 62 deltakarar.

Klubbmeisterskapet blei arrangert 25.august med 37 deltakarar i Leveld. Terje Holo Lund og Erling Hagen hadde ansvaret. Klubbmeistrar 2016: D15-16: Mari Torsteinsrud D17-18: Tuva Sørbøen og Vilde Hagen Friis H15-16: Ole Feten H17-18: Halvor Skrindo H17C: Svein Furuhaug D17C: Berit Heitman D60: Turid Rokne D50: Marit Kolbjørnsgard H60: Steingrim Roen H70: Narve Thorset H50: Nils Kjell Kolbjørnsgard H19: Vidar Sire

Resultat orientering i Hallingdal 2016

Nær o-løp karusellen Hallingtreffen gikk over 5 løp der dei 3 beste løpa telde. Poengrekning 12-10-8-7-6 osv. Ål fekk to samanlagtsigrar: ekteparet Ragnar og Turid Rokne.

Ål arrangerte Hallingdalsmeisterskapet individuelt 24.september på Fuglehovda. Her blei det fire gull til Ål ved Svein Furuhaug, Turid Rokne, Vidar Sire og Narve Thorset.

Hallingdalsmeisterskapet i stafett blei arrangert i Hemsedal søndag 18. september. Ål stilte med to lag i år, og begge laga kjempa lenge om pallplass. Hemsedal blei, ikkje uventa, vinnarar, medan fyrstelaget tok ein fin tredje plass, rett føre Hemsedal 2 og andrelaget til Ål. Løparane på fyrstelaget var Erling Hagen, Eivind Torsethaugen og Vidar Sire, medan Knut Ivar Vestli, Nils Kjell Kolbjørnsgard og Arnstein Sørbøen sprang på andrelaget.

Torsdag 29.september var det natt o-løp hos Vidar Sire. Det var berre 4 deltakarar som våga seg ut i natter mørket.

Det var størst deltaking på Fuglehovda 19.mai, med 47 løparar til start.

Nokre få løparar frå klubben har også vore litt utanom dalen, og vi oppmodar fleire til å bli med på arrangement utanfor Hallingdal for å teste nye og spanande o-terreng. Vi håper i alle fall at mange blir med på KM i Hemsedal siste helga i august.

Deltakinga på løpa i 2016 har vore som dei siste åra, men vi håpar på auke i 2017, spesielt i aldersgruppe 10 til 18 år. Det er viktig å få rekruttert nye o-løpera.

KM orientering i Hemsedal 2017



KM helg i Hemsedal

26. og 27. august 2017



Hemsedal IL inviterer til KM helg i orientering. Lørdagens løp inngår også i PWT-cupen for klassene D/H 13-14 og D/H15-16.

Dato / Løp: Lørdag 26.08: KM Buskerud langdistanse og PWT-cup.
Søndag 27.08: KM Buskerud stafett + noen individuelle klasser

Sted: Ved Fuglehaugen. Merket fra RV. 52 ved Ulsåk. For de som kommer fra Gol er det raskest og ta til høyre ved Robru (8 km etter Gol) og følge skilting mot Fuglehaugen, FV. 224. Kartlink: <https://goo.gl/maps/LX8XyWDVKLM2>
300 – 500 meter å gå langs grusvei fra parkering til samlingsplass.

Start:

Lørdag: Første start kl. 11.30. N-, C- og AK-klasser har fri starttid mellom kl. 11.30 og 13.00. 700 meter å gå til start.

Søndag: Første start kl. 11.00. Start ved samlingsplass.

Kart / Terreng: Eikre. Kartet er utgitt i 2009, men hogstfelt og andre vesentlige endringer er resynfart i 2017. Ekvidistanse 5 meter. God løpbarhet med både åpen furuskog, granskog og noe bjørk. Middels kupering.

Aktuelle løp utanfor Hallingdal 2017

Dato	Skildring	Arrangør
14.mai	KM mellom	Røyken OL
15.mai	KM sprint	Ringerike OL
3.-5.juni	Pinseløpet	Kongsberg OL
23.-25. juni	O-Festivalen	Oppdal
14.-16. juli	Heidalsviku	Tormod Skilag

KM langdistanse og stafett i Hemsedal

Laurdag 26.aug og søndag 27.aug arrangerer Hemsedal KM i langdistanse og stafett. Vi håpar at så mange som mogleg frå Ål blir med på dette arrangementet. Kontakt leiar Knut Ivar viss du ynskjer å vere med på stafettlag for Ål. Vi satsar på å melde på fleire lag.



Terminfesta løp i Hallingdal 2017

Dato	Type	Arrangør	Område	Start
Onsdag 24.mai	Hallingtreffen 1	Nesbyen	Todalen	18:00
Onsdag 7.juni	Hallingtreffen 2	Hemsedal	Tuv	18:00
Onsdag 21.juni	Hallingtreffen 3	Ål	Fuglehovda	18:00
Onsdag 23.aug	Hallingtreffen 4	Gol	Gol sentrum(?)	18:00
Onsdag 13.sept	H.M Individuelt	Hemsedal	Gravset	17:30
Sundag 17.sept	H.M Stafett	Nesbyen	Drifteslepa	12:00
Onsdag 20.sept	Hallingtreffen 5	Ål	Syningen	17:30

Løyper/klasser

Lengde	Nivå	Klasser
1,5 km	N-nivå	D/H 11-12, N-åpen (Ingen rangering)
3,0 km	C-nivå	D/H 13-14, D/H 17C, D/H70
3,0 km	A-nivå	D50, D/H60
3,5 km	A-nivå	D15-16, D17-18, D35, H50
4,5 km	A-nivå	D19, H15-16, H35
6,0 km	A-nivå	H17-18, H19

Startkontingent

Hallingtreffen og Hallingdalsmeisterskap: T.o.m. 16 år: 50,-
F.o.m. 18 år: 75,-
Hallingdalsmeisterskap i stafett: kr 200,- per lag

Premiering (minste krav):

Hallingtreffen: Full premiering: til og med D/H 13-14, og N-klasser
F.o.m 17 år berre klassevinnarar + valfritt etter deltaking.
Samanlagtpræmie til dei som har delteke på minst 3 løp.
HM.Individuelt: Full premiering i alle klassar t.o.m 16 år
F.o.m 17.år: 1/3 premiering.
H.M.Stafett: Dei tre beste laga samanlagt
+ løypevinnarane i dei tre etappane.

H.M.Stafett

1. etappe: ca 3,5 km A-nivå
Alle løparar unntatt H19
2. etappe: ca 2,0 km C-nivå
t.o.m. D16
f.o.m. D35 t.o.m. H14
f.o.m. H50
3. etappe: ca 5,0 km A-nivå
Etappen er tillatt for alle

Passeringspost på 1. og 3. etappe.



Tredjeplass på 1.laget i 2016, Eivind, Erling og Vidar



HALLINGDAL

ØKONOMISERVICE AS

32 02 93 20 Elvevn 4, 3550 GOL

E-post: firmapost@hallok.no

REGNSKAP – LØNN – ÅRSOPPGJØR – FAKTURERING

tlf. 32 08 10 64

Forbetring av koder på postane

O-gruppa har i løpet av våren standardisert koding av postane slik at det er koden på posteininga som no vil bli nytta. Tidlegare var det kode på skjermen.

Under ser de eksempel på korleis det blir sjåande ut:



Vi bytter ut alle skjermene slik at dei blir utan kode. Det vil med andre ord vere kode berre på posteininga i 2017. Koden vil òg vere synleg på baksida av eininga.



Terminliste Nesbyen 2017

Dato	Løp	Stad	Kl.
Onsdag 03.05	Treningsløp	Svartepytt	18.00
Onsdag 10.05	Treningsløp	Todalen	18.00
Onsdag 31.05	Treningsløp	Bromma	18.00
Onsdag 14.06	Treningsløp	Svangtjern	18.00
Onsdag 16.08	Treningsløp	Svangtjern	18.00
Tirsdag 30.08	Treningsløp	Svangtjern	18.00
Onsdag 16.09	Treningsløp	Drifteslepa	18.00

Kort enkel løype 1,5 km – Lang enkel løype 3-4 km (ledelinjer)

Mellomløype ca 3,5 km A - Langløype ca 5 km A



Terminliste Hemsedal 2017

Alle løp er merka frå Rv 52



Dato	Løp	Stad	Kl.
Onsdag 03.05	Treningsløp	Mørken	18.00
Onsdag 10.05	Treningsløp	Svøo	18.00
Onsdag 28.05	Sykkellorientering	Turistkontoret	18.00
Onsdag 31.05	Treningsløp	Langeset	18.00
Onsdag 14.06	Treningsløp	Skytebanen	18.00
Onsdag 28.06	Treningsløp	Båstø	18.00
Onsdag 09.08	Treningsløp	Hestehaugen	18.00
Onsdag 16.08	Treningsløp	Aalrust	18.00
Onsdag 30.08	Sykkellorientering	Fuglehaugen	18.00
Onsdag 06.09	Klubbmesterskaper	Lio	17:30
Onsdag 27.09	Nattløp	Tuv skule	20.00



Premieutdeling i Hallingtreffen



Fornøgd løypeleggjar og deltakar



God stemning, til tross for litt regn.



Fortent medalje til dei unge deltakarane



Medlem av Norges Takseringsforbund

Elvevegen 4, 3550 Gol Tlf: 32 07 44 94

E-post: hallingdal@takstmann.com www.takstmann.com

- ✓ **Verdi/lånetakst**
- ✓ **Skadetakst, skjønn**
- ✓ **Boligsalgsrapport**
- ✓ **Hytter - Boliger - Næring**
- ✓ **Tomter - Landbruk**



Tannlege Olav Holdhus AS

Telefon: 32 08 10 64

Besøksadresse: Sundrevege 88,
3570 Ål



Geocaching

Prøv geocaching der du er!

<https://www.geocaching.com/guide/default.aspx>



Geocaching er en gratis, utendørs skattejakt. Deltakere i spillet prøver å finne skjulte beholdere, såkalte geocacher, ved å bruke en smarttelefon eller en GPS, og kan deretter dele sine opplevelser på nettet. Det er 2,621,989 aktive geocacher og over 6 millioner geocachere i hele verden.

[Les mer om geocaching og hvordan du kan bli med på eventyret.](#)

På sitt enkleste krever geocaching følgende 8 trinn:

1. Basismedlemskap
<https://www.geocaching.com/account/register?>
2. Gjem og finn en cache
<https://www.geocaching.com/seek/default.aspx>
3. Angi postnummer og klikk «Søk».
4. Velg hvilken som helst geocache fra listen og klikk på navnet
5. Skriv inn koordinatene til geocachen på din GPS-enhet.
6. Bruk din GPS-enhet som hjelp til å finne den skjulte geocachen.
7. Signer loggboken og returner geocachen til sin opprinnelige plassering.
8. Del dine geocachinghistorier og -bilder på nettet

TERMINLISTE 2017

Dag	Dato	Kl.	Kart/Område	Merka frå/stad	Ansvarleg	Type løp
Torsdag	11.mai	18:00	Sundre - sprint	Ål ungdomsskule	Vidar/Knut Ivar/Nils Kjell	Treningsløp
Torsdag	18.mai	18:00	Vermelie	Opheimskrysset	Arnstein Sørbøen	Treningsløp
Onsdag	24.mai	18:00	Nes Todalen	Nesbyen Sentrum	Avreise Hallingmøbler 17:00	Hallingtreff 1
Torsdag	25.mai	18:00	Leveld	Leveld skule	Knut Ivar Vestli	Treningsløp/enkel
Torsdag	01.jun	18:00	Fuglehovda	Skulekrysset ÅL sentr	Ola H Rudningen og Steingrim Roen	Treningsløp
Onsdag	07.jun	18:00	Hemsedal Tuv		Avreise Hallingmøbler 17:00	Hallingtreff 2
Torsdag	08.jun	18:00	Sundre - sprint	Ål ungdomsskule	Erling Hagen m/hjelp fra styret	Treningsløp/enkel
Torsdag	15.jun	18:00	Leveld	Leveld skule	Turid og Ragnar Rokne	Treningsløp
Onsdag	21.jun	18:00	Fuglehovda	Skulekrysset ÅL sentr	Marit og Nils Kjell Kolbjørnsgard	Hallingtreff 3
Torsdag	29.jun	18:00	Vermelie	Opheimskrysset	Lars Jordet og Gaute Hallingstad	Treningsløp
Torsdag	06.jul	18:00	Syningen	Lien.Landbr.sk.	Håvar Sørbøen og Magnar Kolbjørnsgard	Treningsløp
Ferie	Ferie	Ferie	Ferie	Ferie	Ferie	Ferie
Torsdag	20.jul	18:00	Leveld	Leveld skule	Knut Ivar Vestli og Mari Torsteinsrud	Treningsløp
Torsdag	27.jul	18:00	Svarttjern	Kryss/Liatoppen	Narve Thorset og Ragnar Rokne	Treningsløp
Torsdag	03.aug	18:00	Veståsen 2	Stasjonsbrua	Ola Håkon Rudningen	Treningsløp
Torsdag	10.aug	18:00	Syningen	Lien Landbr.skule	Marit og Nils Kjell Kolbjørnsgard	Treningsløp
Torsdag	17.aug	18:00	Vermelie	Opheimskrysset	Eivind Torsethaugen og Terje Holo Lund	Klubbmeisterskap
Onsdag	23.aug	18:00	Gol sentrum - sprint	Gol sentrum	Avreise Hallingmøbler kl 17:30	Hallingtreff 4
Laurdag	26.aug	11:30	Hemsedal - Fuglehaugen	RV 52	Avreise Hallingmøbler kl 10:30	KM langdistanse
Sundag	27.aug	11:00	Hemsedal - Fuglehaugen	RV 52	Avreise Hallingmøbler kl 10:00	KM stafett/individuell
Torsdag	31.aug	18:00	Svarttjern	Kryss/Liatoppen	Vidar Sire	Treningsløp
Torsdag	07.sep	17:30	Leveld	Leveld skule	Karianne Sørbøen og Kåre Hagen	Treningsløp
Onsdag	13.sep	17:30	Hemsedal - Gravset	RV 52	Avreise Hallingmøbler 16:30	HM individuelt
Sundag	17.sep	12:00	Nesbyen - Drifteslepa	RV7	Avreise Hallingmøbler 10:00	HM Stafett
Onsdag	20.sep	17:30	Syningen	Lien Landbr.skule	Erling Hagen og Arnstein Sørbøen	Hallingtreff 5
Torsdag	28.sep	20:00	Torpo	Hjå Vidar Sire	Vidar Sire	Natt o-løp

- Hugs avslutningsfesten på Bråta Fredag 20.oktober kl 19.00
- Instruksjon for nybyrjarar har ein av løypeleggjarane ansvaret for
- Løypa blir annonsert i tysdagsavisa av Hallingdølen. Følg med i tilfellet endringar